

## BYGLAND KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

### MØTEBOK

Møte nr. 02/26

Dato: 27.04.26 kl. 09.00 – 11.45

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen

<p><u>Til stades:</u> Olaf Håkon Tørresen, leiar Knut William Bygland, nestleiar Berit Haugetveit, medlem Kai Larsen, varamedlem</p> <p><u>Forfall:</u> Olav Skeie, medlem Camilla Josefine Høibraaten, medlem</p>	<p><u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Tommy Pytten, Tor Ole Holbek og Maren Stapnes Agder Sekretariat KO v/ Inger Lise Austrud Administrasjonen v/ Simon Ellingsberg (kommunedirektør) og Knut Olav Forgard (økonomisjef) Ordførar Runar Granheim Fungerande fylkesberedskapssjef Bengt Eirik Henriksen via teams Utvalseleiar levekårsutval Anne Løyland Utvalseleiar PMR Jørund Kvaale Hansen</p>
--	---

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

### SAKSLISTE

- SAK 06/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 09.02.26  
SAK 07/26 ÅRSREKNESEKAPEN FOR BYGLAND KOMMUNE 2025  
SAK 08/26 KOMMUNEDIREKTØREN SI OPPFØLGING AV NUMMERT BREV NR.  
1-26  
SAK 09/26 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON ARBEIDSMILJØ –  
MEDVIRKNING I BYGLAND KOMMUNE  
SAK 10/26 OVERSENDT SAK OM HABILITET  
SAK 11/26 REVIOR ORIENTERAR

#### Orienteringar

Kommunedirektøren er invitert til starten av møtet for å orientere om kommunen sitt arbeid med beredskap.

Fungerande fylkesberedskapssjef deltek via Teams og vil orientere om beredskapsarbeidet på eit overordna nivå, sett frå Statsforvaltaren sitt ståstad.

Kommunedirektøren vil òg presentere årsrekneskapen og årsmeldinga.

#### Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet:

#### Eventuelt

#### Referatsak

Ref. 03/26 Sluttrapport frå tilsyn med landbruksforvaltninga

Underskrift

Olaf Håkon Tørresen  
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, postmottak, revisor og Setesdølen

### **Orienteringar**

Kommunedirektøren orienterte utvalt om overordna beredskapsarbeid.

Fungerande fylkesberedskapssjef orienterte om beredskapsarbeidet på eit overordna nivå, sett frå Statsforvaltaren sin ståstad.

Administrasjonen presenterte årsrekneskapen og årsmeldinga.

### **SAK 06/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 09.02.26**

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. *Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 09.02.26 vert godkjent.*
2. *Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen*

#### **Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

#### **Vedlegg:**

Forslag til møteprotokoll frå møte 09.02.26

#### **Bakgrunn for saka:**

Forslag til protokoll frå møte 09.02.26 vert lagt fram for godkjenning.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 09.02.26 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

### **SAK 07/26 ÅRSREKNESKAPEN FOR BYGLAND KOMMUNE 2025**

#### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

*Kontrollutvalet har handsama Bygland kommunes årsrekneskap og årsberetning for 2025.*

*Agder Kommunerevisjon IKS har avgitt normalberetning utan spesielle merknader.*

*Basert på revisjonsberetninga har kontrollutvalet ingen spesielle merknader til kommunens årsberetning.*

*Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, framkomme i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalets uttale.*

*Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga*

**Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Lover, forskrifter:**

Lov om kommunar og fylkeskommunar m.m.  
Budsjett- og rekneskapsforskrifta av 2019

**Saksdokument vedlagt saka:**

Revisjonsberetning, datert 10. april 2026  
Årsrekneskapen og årsberetning 2025 (vedlegg i e-post)

**Saksopplysningar:**

Kommunens årsrekneskap viser eit netto driftsresultat på kr 4 454 226.

Revisor har gitt normal revisjonsberetning utan forbehold eller presiseringar.

I revisjonsberetninga uttaler revisor seg om:

Revisjonen av årsrekneskapen:

Revisors konklusjon :

*Etter vår meining*

- *oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og*
- *gjer årsrekneskapen i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassen per 31. desember 2025, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova sine regler og god kommunale regnskapsskikk i Noreg.*

Andre lovmessige krav:

- Konklusjon om registrering og dokumentasjon
- Konklusjon om årsmeldinga
- Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Revisjonen har gjennom sine handlingar ikkje avdekket forhold som er av ein slik art at dei har betydning for konklusjonane på andre lovmessige krav.

For nærare informasjon vises det til revisjonsberetninga.

Uttale frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet skal gi uttale til følgande:

- Kommunekassens årsrekneskap og årsberetning
- Konsolidert årsrekneskap
- Kommunale føretak (årsrekneskap og årsberetning)
- Lånefondet (årsberetning kan inngå i kommunekassens årsberetning)

Som oftast vil det vere hensiktsmessig med ein samla uttale til kommunekassens årsrekneskap, konsolidert årsrekneskap og årsberetning. Kontrollutvalet gir ikkje uttale til politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap, med mindre revisor har gitt revisjonsberetning.

Når det gjeld Bygland kommune skal kontrollutvalet berre gi uttale til kommunekassens årsrekneskap og årsberetning.

### **Handsaming av årsrekneskapen**

Handsaming av årsrekneskapen og årsberetning vil vere som følger.

- Kommunedirektør avleggjar årsregnskapet innan 22.02.26
- Kommunedirektør utarbeider årsberetning innan 31.03.26
- Revisor avgir revisjonsberetning til kommunestyret innan 15.04.26
- Kontrollutvalet avgir uttale om årsrekneskapen til kommunestyret
- Formannskapet innstiller overfor kommunestyret om godkjenning og disponering (Kontrollutvalets uttale skal føreligge når formannskapet handsamar årsrekneskapen)
- Kommunestyret godkjenner årsrekneskapen innan 30.06.26

### **Vurderingar:**

Eg vil anbefale kontrollutvalet å gi ein standard uttale til årsrekneskapen og årsberetninga for 2025.

### **Framlegg til vedtak:**

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

Kontrollutvalet har handsama Bygland kommunes årsrekneskap og årsberetning for 2025.

Agder Kommunerevisjon IKS har avgitt normalberetning utan spesielle merknader. Basert på revisjonsberetninga har kontrollutvalet ingen spesielle merknader til kommunens årsberetning.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold, framkomme i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalets uttale.

Kontrollutvalet anbefaler at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsberetninga.

## **SAK 08/26    KOMMUNEDIREKTØREN SI OPPFØLGING AV NUMMERT BREV NR. 1-26**

### **Handsaming i møte:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

*Kontrollutvalet tek kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering.*

### **Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

### **Vedlegg:**

Nummerert brev nr. 1-26 frå Agder Kommunerevisjon IKS  
Kommunedirektøren si tilbakemelding på brev nr. 1-26

**Bakgrunn for saka:**

Det nummererte brevet frå revisor i samband med forenkla etterlevingskontroll på området kommunen si etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltninga knytt til vedtak på særskilt tilrettelagte bustader vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 09.02.26.

Nummerert brev nr. 1-26 følgjer som vedlegg til saka. Det blir vist til dette for nærare skildring av kva revisor har teke opp.

Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak:

*Kontrollutvalet tar revisors attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll og nummerert brev nr. 1-26 til orientering.*

*Kontrollutvalet ber kommunedirektør kome med skriftleg tilbakemelding innan 01.04.26 på oppfølginga av nummerert brev 1-26.*

Kommunedirektøren har sendt skriftleg tilbakemelding med si oppfølging av revisors brev nr. 1-26. For nærare informasjon blir det vist til dette.

Kommunedirektøren er invitert til møte for å presentere si oppfølging av saka.

**Vurderingar:**

Når revisor kjem med skriftlege merknader i nummerert brev, er det etablert rutine for at kommunedirektøren skal svare på desse merknadene skriftleg.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at forhold som er påpeika i nummererte brev blir følgde opp. Tilbakemeldinga viser kva tiltak kommunen har sett i verk for å sikre at regelverket knytt til vedtak på særskilt tilrettelagte bustader blir følgde opp.

Sekretariatet har elles ingen merknader.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek kommunedirektøren si tilbakemelding til orientering.

**SAK 09/26 RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON «ARBEIDSMILJØ - MEDVIRKNING I BYGLAND KOMMUNE»**

**Handsaming i møte:**

Forvaltningsrevisor presenterte rapporten for utvalet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedteke innstilling kommunestyret:**

*Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Arbeidsmiljø – medvirkning i Bygland kommune».*

*Kommunestyret ber kommunedirektør gje ei tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.11.2026 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.*

**Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Vedlegg:**

Rapport frå Agder Kommunerevisjon IKS, datert april 2026

**Saksopplysningar:**Generelt:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal bruke for å sikre at kommunen drives på ein måte som varetek innbyggjarane sitt behov og rettigheter best mogleg. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Gjennom forvaltningsrevisjon undersøker kontrollutvalet om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål og om ressursane vert forvalta på ein effektiv måte.

Fokus på å bidra til forbetring er eit viktig aspekt med gjennomføring av forvaltningsrevisjonar.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet gjorde i møte i mai 2025 ei bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjektet «Arbeidsmiljø – medverknad i Bygland kommune». Føremålet har vore å undersøkje korleis Bygland kommune tek vare på dei tilsette sine moglegheiter for medverknad på arbeidsplassen. Rapporten er avgrensa til å sjå på indirekte medverknad, det vil seie medverknad som skjer gjennom kollektive ordningar på arbeidsplassen. Dette omfattar mellom anna medverknad gjennom tillitsvaldapparatet, verneombodsordninga og representasjon i formelle samarbeidsfora, som arbeidsmiljøutval og partssamansette utval/administrasjonsutval.

Rapporten har på vanleg måte vært på høyring hjå kommunen. Høyringssvaret står på side 50 i rapporten. Kommunedirektør er invitert til møtet.

Endeleg rapport vart ferdig i april 2026 og vert med dette lagt fram for handsaming i kontrollutvalet. Revisjonen vil presentere rapporten i møtet og svare på eventuelle spørsmål frå kontrollutvalet.

Problemstillingar:

Forvaltningsrevisjonsprosjektet har vært gjennomført med følgande hovudproblemstillingar:

1. *Har Bygland kommune utarbeidet rutiner som sikrer ansattes rett til medvirkning?*
2. *I hvilken grad ivaretar Bygland kommune ansattes rett til medvirkning?*

Funn:

Konklusjonane nedanfor er henta direkte frå rapporten.

*Revisjonen konkluderer med at kommunen bør videreutvikle rutiner og systemer som skal bidra til å sikre medvirkning fra de ansatte i Bygland kommune. Det bør i større grad tydeliggjøres hva de ulike aktørenes roller og ansvar er, og det bør synliggjøres hvilke formelle treffpunkt kommunen skal ha for å ivareta medvirkning fra de ansatte. Dette vil etter revisjonens vurdering kunne bidra til at medvirkningsarbeidet i kommunen blir satt mer i system, sikre lik praksis i hele kommunens organisasjon samt bidra til at alle ansatte får bedre kjennskap til hvordan kommunen ivaretar medvirkning og medbestemmelse.*

*Revisjonen konkluderer med at Bygland kommunen bør styrke sitt arbeid med å ivareta medvirkning på arbeidsplassen.*

Revisors tilrådingar:

På bakgrunn av dei vurderingane som er gjort av revisjonen i rapporten, kjem dei med nokre tilrådingar om tiltak som dei meiner kan styrke arbeidet med medverknad i Bygland kommune.

Revisjonen kjem med desse tilrådingane:

(Sitat frå rapporten)

- *Kommunen bør etablere en overordnet rutine/struktur for hvordan kommunen skal ivareta medvirkning*
- *Kommunen bør sikre at det avholdes medbestemmelsesmøter på lokalt nivå i alle enheter/kommunalområder*
- *Kommunen bør sikre at samarbeidet (hovedavtalen) evalueres årlig*
- *Kommunen bør sikre at alle verneombud får opplæring*
- *Kommune bør sikre at det er formaliserte treffpunkt mellom det enkelte verne-ombud og leder (alternativt gjennom deltagelse i medbestemmelsesmøter)*
- *Kommunen bør skriftliggjøre rolle- og ansvarsfordeling i HMS-arbeidet*
- *Kommunen bør sikre at alle medlemmene i arbeidsmiljøutvalget får nødvendig opplæring*
- *Kommunen bør sikre at det utarbeides årsrapport for arbeidsmiljøutvalget som fremlegges for kommunestyret.*
- *Kommunen bør vurdere om innkalling/referater fra arbeidsmiljøutvalget skal tilgjengeliggjøres for alle ansatte*
- *Kommunen bør vurdere om det i eget reglement er behov for å tydeliggjøre hvilke saker administrasjonsutvalget skal behandle*

#### **Vurdering:**

Som nemnt i saka er eit viktig føremål med forvaltningsrevisjon å bidra til forbetringar. Det er rimeleg å leggje til grunn at rapporten vil vere eit nyttig grunnlag for kommunen sitt forbetningsarbeid på området.

Det er kommunestyret som gjer vedtak i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet. Sekretariatet rår kontrollutvalet til å fremje forslag for kommunestyret om å be kommunedirektøren følgje opp tilrådingane frå revisjonen i rapporten.

Det bør i tillegg setjast ein frist for tilbakemelding til kontrollutvalet.

#### **Framlegg innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Arbeidsmiljø – medvirkning i Bygland kommune».

Kommunestyret ber kommunedirektør gje ei tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.11.2026 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.

**SAK 10/26 OVERSENDT SAK OM HABILITET**

**Handsaming i møte:**

Utvalet drøfta saka og la fram følgande fellesframlegg:

**Vedtak:**

*Kontrollutvalet ber revisor utarbeidet eit notat knytt til habilitet ved behandling av kommuneplanens samfunns- og arealdel.*

**Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Vedlegg:**

Oversending av sak knytt til habilitet i behandling av kommuneplanens samfunns- og arealdel, datert 02.03.26

**Bakgrunn for saka:**

Kontrollutvalet v/ sekretariatet har motteke ei oversending knytt til habilitet ved behandling av kommuneplanens samfunns- og arealdel. Vedlagt følgjer relevante juridiske vurderingar, bestillingar av desse, samt protokollar frå behandlinga av planane.

I samband med Statkraft sitt planinitiativ for Urdehei vart det reist spørsmål om habilitet knytt til tidlegare behandling av kommunen sin samfunnsdel og arealdel. Planinitiativet vart trekt før kommunestyremøtet 12.02.2026, og saka vart difor ikkje behandla.

Den 06.02.2026 mottok kommunedirektøren ei førespurnad frå Kjell Rune Heia, uavhengig kommunestyrerepresentant. Førespurnaden inneheldt ei juridisk vurdering utarbeidd av advokat Børre Eskedahl (Eik Advokater), og omhandla behandlinga av samfunnsdel og arealdel.

Ved tidlegare behandling vart Jørund Kvaale Hansen ikkje vurdert som ugild, basert på ei juridisk vurdering frå KS-advokat. Det vart orientert om dette i kommunestyret, men ikkje fatta formelt vedtak om habilitet.

Etter at Statkraft trekte planinitiativet, vart det votert over å fjerne saka frå sakskartet. I denne voteringa vart Jørund Kvaale Hansen og Tor Kasin vurdert som ugilde.

Kommunedirektøren tok deretter opp habilitetsspørsmålet i si orientering til kommunestyret og foreslo å oversende saka til kontrollutvalet for vidare behandling. Kommunestyret slutta seg til dette.

Kommunedirektør er invitert til møte for å orientera om saka og svare på eventuelle spørsmål.

**Vurderingar:**

Kontrollutvalet arbeider på oppdrag frå kommunestyret, og fleirtalet i kommunestyret kan oppmode eller påleggje kontrollutvalet å undersøkje konkrete saker på vegner av kommunestyret.

Sekretariatet vurderer denne saka som ei bestilling frå kommunestyret om å undersøkje habilitet og føresegner i kommunelova nærare.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet følgjer opp bestillinga frå kommunestyret ved å be Agder Kommunerevisjon IKS undersøkje saka.

Mandat, framdriftsplan og ressursbruk bør så langt det er mogleg drøftast og avklarast i møte.

Kontrollutvalet har ein budsjettpost for «andre konsulenttenester» på kr 72 800 som kan nyttast. Ei bestilling av ei undersøking frå Agder Kommunerevisjon IKS vil innebære at kontrollutvalet ikkje har høve til å bestille eit nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt innanfor gjeldande budsjettamme. I så fall må ein eventuelt be kommunestyret om ei tilleggsøyving.

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak. Kontrollutvalet drøfter saka i møte.

**Framlegg til vedtak:**

**SAK 11/25 REVISOR ORIENTERAR**

**Handsaming i møte:**

Rekneskapsrevisjon:

Ferdig med årsoppgjersrevisjon

Forvaltningsrevisjon:

- Arbeid med eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Setesdal Brannvesen IKS er godt i gang.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

*Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.*

**Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

**Bakgrunn for saka:**

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

**Fast post**

Videre arbeid i kontrollutvalet: Neste møte i kontrollutvalet 08.06.26

**Eventuelt**

**Referatsak**

Ref. 03/26 Sluttrapport frå tilsyn med landbruksforvaltninga

*Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering*